

Bjerkreim Venstre

PARTIPROGRAM 2019 – 2023



For eit grønare
Bjerkreim.





Gode veljarar.

Her er Venstre sitt program for perioden 2019 – 2023. Dette er eit ambisiøst og offensivt program for eit endå betre Bjerkreim enn det vi har i dag. Vi viser her kva vi vil prioritera overfor barn/unge og eldre. Vi har ambisjonar for næringsutvikling, landbruk og vi har eit eige avsnitt der vi tek for oss ei av vår tids største utfordring: Natur, klima og miljø.

Vi vil at innbyggjarane skal få del i utviklinga av Bjerkreim og vi føreslår medvirknad i form av folkemøte og at ungdom skal takast med når framtidige planar skal utarbeidast.

Vår visjon er at Venstre skal vera eit parti for bygda gjennom å lytta til folket.

Godt val!



Oppvekst og skule.

Det skal vera godt å veksa opp i Bjerkreim, og det skal vera nulltoleranse for mobbing.

I samband med nye læreplanar frå 2020 bør kommunen sørge for eit interkommunalt samarbeid for å støtta tilsette på skulane i arbeidet med fagfornyinga.

Vi vil ha fleksible barnehagar slik at foreldre kan velja dagar, og vi vil jobba for å få tilstrekkeleg og godt kvalifiserte tilsette i barnehagane.

Venstre vil:

- ✓ sikra barnehagedekning for dei som ønskjer det.
- ✓ arbeida for eit godt SFO-tilbod for alle, også i skuleferien.
- ✓ ha ein skule med eit positivt læringsmiljø og fagleg godt kvalifiserte lærarar
- ✓ at lærarane skal ha høve til brukta meir tid på elevane og at dei skal ha høve til å ta nødvendig vidareutdanning



Omsorg.

Det er viktig at alle innbyggjarane opplever Bjerkreim som ein trygg og god kommune å bu i, uavhengig av alder og livsfase. Det er ikkje minst viktig for eldre innbyggjarar i kommunen.

Venstre vil:

- ✓ oppretthalda og vidareutvikla gode heimetenester for å sikra tryggleik
- ✓ leggja til rette for god bruk av velferdsteknologi



Kultur og frivilligheit.

I Bjerkreim skal det vera eit rikt tilbod for barn og unge, og vi vil difor satsa på kulturskulen.


Venstre vil:

- ✓ framleis satsa på kulturskulen slik at dei gode tilboda kan bli endå betre
- ✓ innføra søskensmoderasjon på 30% og fleirfagsrabatt
- ✓ utvida Kulturbanken med ein konsertsal, og byggja ut slik at biblioteket får plass i Kulturbanken
- ✓ vera ein pådrivar for fritidstilboda i kommunen.
- ✓ at kommunen framleis skal ha eit tett samarbeid med og vera ein viktig bidragsytar overfor frivillige lag og foreiningar
- ✓ arbeida for å utvida kulturkonsulentstillinga til heil stilling

Næring.

Bjerkreim Venstre meiner det er viktig å utvikla nye næringar i Bjerkreim, og at det må leggjast til rette for attraktive nærings- og industriområde, ikkje minst i samband med ny E-39. Vi vil sjå på om det kan la seg gjera å vidareutvikla næringsområdet på Eigestad gjennom eit samarbeid mellom kommunane Eigersund og Bjerkreim.

Bjerkreim kommune må bidra til å vidareutvikla Næringshagen. Det vil vera naturleg for Bjerkreim som miljøkommune å satsa på turisme. Det verna Bjerkreims-vassdraget og den mangfaldige naturen bør vera utgangspunkt for slik satsing. Bjerkreim kommune bør i den samanheng ta ei rolle som tilretteleggjar, f.eks. gjennom å få til ein laksefestival.



Eigedomsskatt.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for å ta vekk eigedomsskatten på hus og hytter .

Ta vare på naturen.

Vi vil ivareta område som er inngrepsfrie. Slik kan vi sikra biologisk mangfold og naturleg landskap for komande generasjoner. Når born, unge og voksne får oppleva naturen, skaper det trivsel, glede og fellesskap.

Naturen medverkar også til god helse, fysisk og psykisk. Dei reine og urørte naturområda vil også vera viktige for tilreisande og turistar.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for at kommuneplanen sikrar inngrepsfrie område og medverka til at omsøkte dispensasjonar ikkje vert gitt for slike område
- ✓ bidra til auka engasjement i kommuneplanarbeidet, ikkje minst mellom barn og unge
- ✓ at kommunen sine høyringar og uttalar må tilleggjast avgjerande vekt
 - når utbyggingssaker inneber store ulempar for innbyggjarane og naturen i kommunen
 - når det dukkar opp vesentlege endringar og avvik i vedtekne utbyggingssaker
- ✓ seia nei til meir vindkraftutbygging i kommunen



Eit reint miljø.

Mange forhold knytte til miljø heng saman med nasjonale og internasjonale utfordringar. Det er kjent at plast har svært negativ verknad på mange artar i naturen. Også i fiskevatn i Bjerkreim er det oppdaga fisk med plast i seg. Derfor er det viktig at også vi arbeider for å snu denne utviklinga og for å halda naturen i kommunen rein.

Venstre vil:

- ✓ saman med andre, arbeida med haldningars og iverksetja tiltak for at redusera søppelmengda og medverka til ei meir berekraftig utvikling
- ✓ arbeida for redusera bruken av unødvendig plast, handleposar og emballasje

Kollektivtransport.

Vi bur i ein grisgrendt kommune. Det har sine positive sider, men er mindre gunstig for transportforholda. Det er derfor viktig å finna ordningar som kan hjelpe oss til å reisa meir kollektivt, ikkje minst til og frå arbeidsplassane våre.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for å tilretteleggja parkeringsplassar for kollektivreisande
- ✓ samarbeida med Rogaland fylkeskommune og andre kommunar i Dalane for:
 - å utvida kollektivrutene slik at det er lettare å reisa kollektivt til og frå arbeid
 - få redusert billettpolis for kollektivreisande



Landbruk.

Eit levande landbruk gir levande bygder, opprettheld kulturlandskapet og bidreg til triveleg miljø. Kvalitetane i landbruket utgjer eit godt grunnlag for vidare utvikling av nisje- og tilleggsproduksjon.

Vi vil arbeida for at det vert lagt til rette for tett og trygt samarbeid mellom bønder og tilsynsmyndigheter for å ivareta og sikra god dyrevelferd og trivsel.

Venstre vil:

- ✓ arbeida for ei framtidsretta og berekraftig utvikling for landbruket i kommunen og for at landbruksnæringa framleis skal vera berebjelken i næringslivet i kommunen
- ✓ arbeida for eit strengt jordvern
- ✓ gjera det vi kan for å medverka overfor sentrale styresmakter for å få til så gode omstillingsordningar som mogeleg for pelsdyrbøndene





Kommunen som organisasjon.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for tettare samarbeid med andre kommunar for å sikra at innbyggjarane i kommunen får tenestetilbod med høg fagleg kvalitet og god breidde.

Venstre vil innanfor opplæring:

- ✓ vidareutvikla eit regionalt samarbeid for at lærarar og skuleleiing skal lukkast best mogeleg i arbeidet med nye læreplanar og andre endringar som kjem

Venstre vil innanfor barnevern:

- ✓ arbeida for eit interkommunalt barnevern

Venstre vil innanfor planarbeid og administrative oppgåver – dela erfaringar og samarbeida om:

- ✓ kommuneplanarbeid
- ✓ beredskapsarbeid
- ✓ flaumsikring
- ✓ sikring av god kvalitet på drikkevatn



Utvikling av Vikeså sentrum.

Bjerkreim Venstre ønskjer å vera i god dialog med deg som innbyggjar om kva ønskje og behov du har for Vikeså sentrum. Når mange er engasjerte, kan det koma fram mange idéar som kan vera verdifulle å sjå nøyare på.

Vi ønskjer å få fram mogelegheiter, og vil gjerne leggja opp til ope folkemøte slik at du kan koma fram med meiningane dine og med det som er viktig for deg.

- ✓ Ønskjer vi eit treffområde eller ein møteplass for ulike aldersgrupper – f.eks. torg?
- ✓ Korleis kan noverande omsorgssenter brukast i framtida?
- ✓ Kva med hotell?
- ✓ Parkeringsplass for pendlarar

Openheit i politikken.

Vi i Venstre ønskjer at demokratiet skal vera opent og tilgjengeleg for alle. Vi har derfor opne gruppemøter, og ønskjer at kommunen sine prosessar også skal vera opne og blir tydeleg kommuniserte - fordi politikken angår oss alle.

Vi vonar derfor at det er låg terskel for alle i Bjerkreim å ta kontakt, og du er velkommen til å koma med dine synspunkt og meininger.

Ta kontakt med oss - enten det er på sosiale mediar, e-post eller anna. Vi skulle ikkje vera så vanskelege å finna!

Oppsummering.

Venstre vil:

- ✓ seia nei til meir vindkraftutbygging i kommunen
- ✓ ta vare på matjorda og det biologisk mangfaldet
- ✓ satsa på kulturskulen
- ✓ arbeida for ei berekraftig utvikling i landbruket
- ✓ styrka kollektivtilbodet i kommunen
- ✓ sikra full barnehagedekning
- ✓ ha ein god og inkluderande skule for alle

Venstre sine kandidatar i Bjerkreim.



1. Tore Malmei
(f. 1958)



2. Øyvind Sjøtrø
(f. 1957)



**3. Mona Westvik
Helgeland** (f. 1975)



4. Aslaug Undheim
(f. 1952)



5. Arne Bjerkreim
(f. 1959)



**6. Terje Laksesvela
Helland** (f. 1985)



7. Gunnar Hågbo
(f. 1974)



8. Steinar Solberg
(f. 1963)



9. Siri Elin Bjordal
(f. 1993)



Les meir om politikken vår på:
www.venstre.no/bjerkreim

VENSTRE